



# PLAN FOR rusarbeid

## I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

### HOVUDMÅL

Skape eit godt, trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og tekne vare på

- Vi bryr oss *om* kvarandre – ikkje *med* kvarandre
- Vi snakkar *med* kvarandre – ikkje *om* kvarandre
- Ingen skal gå aleine med bekymringane sine

#### Med rusmiddel meiner ein her:

- Alkohol
- Illegale rusmiddel
- Medikament
- Dopingmiddel

# 1

### Førebygging

#### Arbeidet skal bygge på elevmedverknad

- Leiinga ved skulen informerer alle elevane om rusplanen
- Auke bevisstheita og kunnskapen til elevane om skadeleg bruk av rusmiddel
- Samarbeide med elevrådet om haldningsskapande arbeid og rusfrie tiltak
- Eit godt samarbeid mellom skule og russ i rusførebyggjande arbeid
- Rus som fagleg tema knyttast til læreplanmål og den generelle delen av læreplanen

#### Samarbeid med kommune og føresette

- Informasjon til alle føresette om skulen sin rusplan
- Utvikle samarbeid mellom skule, skulemiljøutvalet og føresette i forhold til rusarbeid
- Skulane bør samarbeide med kommunane om kartlegging av elevane sine livsområde gjennom å bruke godkjent kartleggingsverktøy som eks Ung Data

### Ressursbank

[forebygging.no](http://forebygging.no):

[skole - støttmateriell](#)

[ung.no](http://ung.no) - videregående opplæring

[Helsenorge-ungdom](#)

[Tiltaksbasen for forebygging](#)

[Ungdata](#)

[Hjem/skole samarbeid](#)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

**RUSBEHANDLING MIDT-NORGE**  
KOMPETANSESENTER RUS - MIDT-NORGE

"Plan for rusarbeid i videregående opplæring" bygg på "Veileder fra bekymring til handling". [Les meir.](#)



# tidleg innsats

2

## Tidleg innsats

### Plikt til å vere merk- sam – når ein tilsett på skulen er bekymra, samt meldeplikt. (jfr. Rundskriv U-dir.10-2012

- Alle på skulen har plikt til å vere merksam og vere på vakt ved bekymring
- Skulen sine prosedyrer skal brukast i møte med den enkelte elev. Det skal brukast skjønn for å kunne møte eleven sine individuelle behov
- Alle har plikt til å melde frå til leiinga når dei er bekymra for ein elev, jfr. Opplæringslova § 15-3: Opplysningsplikt

til barnevernstenesta, og § 15-4: Opplysningsplikt til sosialtenesta.

### Når eleven er bekymra

- Dersom du er bekymra for deg sjølv eller medelevar bør du seie frå til ein vaksen på skulen
- Skulen skal legge til rette for at det skal vere enkelt for elevar å melde frå når dei er bekymra

### Når føresette er bekymra

- Føresette bør ta kontakt med skulen om dei er bekymra for ungdommen sin

### Alle på skulen skal reagere tidleg på: (\*)

- aukande fråvær, skulk eller klart fallande prestasjonar
- åtferd som kan knyttast til rus
- endra åtferdsmønster
- endra allmenntilstand

og sette dette i samanheng med mogleg rusbruk hos eleven eller i eleven sine nære relasjonar (Sjå ressursbank for meir informasjon om desse punkta)

## Ressursbank

*Rundskriv Udir. 10-2012*

*[Veileder fra bekymring til handling, ungdom og unge voksne](#)*

*[Snakk om rus](#)*

*[Rustelefonen](#)*

*[Dopingtelefonen](#)*

*[Bufdir-opplagsverk](#)*

*[Barn og unge](#)*

*[Faresignal hos unge voksne](#)*

*[AKAN Balance](#)*

*(\*) Kjenneteikn vi skal følge med på: [Veilederen "Fra bekymring til handling"](#)*





# rutinar ved bekymring

3

## Rutinar som skal følgjast ved bekymring og mistanke om rus

**Målet er å gi eleven hjelp og støtte til å komme seg ut av ein vanskeleg situasjon, fullføre skulen og ta utdanning**

1. Den som har mistanke tek snarast kontakt med skuleleiinga
2. Eleven blir teken ut av skuletimen og bekymringssamtale blir gjennomført med to vaksenpersonar til stades (f.eks. kontaktlærer og ein frå leiinga) og føresette
3. Dersom føresette ikkje kan komme umiddelbart blir dei informerte
4. Eleven og føresette blir informerte om skulen sine rutinar og konsekvensar
5. Det blir utarbeidd ein in-

dividuell kontrakt saman med eleven. Kontrakten blir underteikna og følgt opp: Sjå avklaringsmøte og oppfølgjingsplan

6. Skulen vurderer om andre instansar som Barnevernet, NAV, PPT, BUP, rus-team, spesialhelsetenesta osv skal koplast inn. Ved behov utpeikar kommunen ein koordinator og lagar ein plan for vidare oppfølging og tverrfagleg samarbeid rundt eleven og familien.

**Føresette blir kontakta om eleven er under 18 år og dersom eleven er over 18 år og samtykkjer til dette**

## Ressursbank 1

*Veilederen Fra bekymring til handling:*

- [bekymringsmelding til barnevern](#)
- [hva gjør jeg - ungdom](#)
- [faresignal hos ungdom](#)
- [hva gjør jeg - unge voksne](#)

*Nasjonal veileder Fra bekymring til handling (sjå side 48-63)*

## Ressursbank 2

*Skolereglement/skulen sine rutinar*

*Ulike tiltak i skulen i samarbeid med andre instansar*

*Mal for bekymringsamtale*

*Mal for avklaringsmøte*

*Mal for oppfølgjingsplan*

**Den som eig bekymringa har hovedansvaret for å melde saka til barnevernet. Leiinga skal vere involvert!**

## Andre tenester

*Andre tenester som kan hjelpe ungdommen, tilpassa lokalt:*

- OT
- Helsestasjon for ungdom og skulehelsetenesta
- Utekontakt/oppøkjande team
- Barnevernstenesta
- Tenester i NAV
- Fastlegen
- Rusteam
- PP-tenesta
- Andre lokale hjelpetenester
- Spesialhelsetenesta: Vestmo behandlingssenter, Molde behandlingssenter,
- Familievernkontor
- Politi